



Saksframlegg

Strategi for tilsyn og lovbrotsoppfølging 2025-20298

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Rutine for ulovligheitsoppfølging**
- 2 Strategi verjonMG**
- 3 Rutine for tilsyn**

Bakgrunn for saka:

Kommunen er pålagd å ha ein strategi for tilsyn og lovbrotsoppfølging etter byggjesaksforskrifta (SAK10) jf. plan- og bygningslova § 25-1, frå no av pbl. Etter pbl. § 25-1 har kommunen plikt til å føra tilsyn med at tiltak vert gjennomførte i samsvar med lova, forskrifter, og gitte løyve. I tillegg har kommunen etter pbl. kapittel 32 ansvar for å følgja opp ulovlege forhold, mellom anna gjennom pålegg, tvangsmulkt eller politimelding.

Tilsynet i kommunen og lovbrotsoppfølging er viktige verkemiddel for å sikra at samfunnsutviklinga skjer i tråd med vedtekne planar og regelverk, og for å oppretthalde rettstryggleik og tillit til offentleg forvaltning.

Statsforvaltaren og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) tilrår at kommunane vedtek ein overordna strategi som gjævr føringar for korleis dette arbeidet skal gjennomførast, prioriterast og følgjast opp.

Utarbeiding strategi for tilsyn og lovbrotsoppfølging:

Bakgrunnen

Det er utarbeidd forslag til strategi for tilsyn og lovbrotsoppfølging i byggjesaker for Fyresdal kommune. Bakgrunnen er at kommunen er pålagd å utarbeida ein slik strategi i samsvar med byggjesaksforskrifta (SAK 10) § 15-1 og pbl. § 25-1. Målet for strategien

er at kommunen skal føra lovpålagt tilsyn i byggjesaker og følgja opp lovbrøt etter ei gitt prioritering, slik at me oppnår gode bygg og reduserer samfunnsmessige kostnader som følgje av byggjefeil. Bakgrunn I samsvar med plan- og bygningsloven § 25-1 har kommunen plikt til å føra tilsyn. Denne føresegna inneber at kommunen skal føra tilsyn i byggjesaker for å sjå til at tiltaka blir gjennomførte i samsvar med gitte løyve og føresegner, og dessutan at ansvarlege føretak er kvalifisert, i samsvar med lovverket.

Kommunen skal føra tilsyn i eit slikt omfang at regelbrøt kan avdekkjast. Kommunen skal føra tilsyn ved allereie gitte pålegg og når han blir merksam på lovbrøt utover bagatellmessige forhold. Kommunen er pålagd å følgja opp lovbrøt som blir avdekte, jf. kapittel 32 i plan- og bygningslova. Det følgjer likevel av lova § 32-1 at kommunen kan avstå frå å forfølgja brøt på mindre betydning. Eit viktig arbeid er også å gjennomføra ei forsvarleg prioritering av saker, slik at saker som er av mindre betydning kan avståast frå oppfølging. Dette arbeidet bidreg til at ressursane blir brukte på ein så effektiv og målretta måte som mogleg.

På bakgrunn av dette er det i tilsynsstrategien fastsett følgjande overordna mål og prioriteringar for tilsyn og lovbrøtsoppfølging i Fyresdal kommune:

Mål:

- Kommunen skal bidra til å sikra god kvalitet i bygg og at tiltak blir gjennomført i tråd med gitte løyve og gjeldande føresegner
- Kommunen skal bidra til å skapa haldningar for god byggjeskikk og kvalitet i bygg
- Kommunen skal styrkja respekten for regelverket og overhaldinga av dette i byggjesaker

Tilsyn - Prioriteringer 2025- 2028

Tilsyn i byggjesaker som omfattar undersøkingar for å sjå til at tiltak blir gjennomførte i samsvar med løyve og føresegner gitt i eller i medhald av pbl.

Prioriteringsliste er den same som i prioritetsgruppe 1, 2 og 3, sjå prioriteringer for lovbrøtsoppfølging nedfor.

Lovbrøtsoppfølging - Prioriteringar 2025 - 2028

Prioritetgruppe 1

- Oppfølging av førespurnader om fare for liv og helse frå offentlege styresmakter og tenesteytarar, innbyggjarar og næringsliv
- Oppfølging av førespurnader om ulovleg husvære og bruksendring

- Oppfølging av førespurnader om ulovlege byggjearbeid som medfører fare for at miljøkvalitetar ringast i strandsona og i landbruks-, natur og friluftsområde (LNF)
- Oppfølging av førespurnader om ulovlege byggjearbeid som medfører at verneverdig busetnad ringast

Prioritetsgruppe 2

- Oppfølging av førespurnader om ulovleg husvære og bruksendring, der det ikkje er omgåande fare for liv og helse (det ulovlege tiltaket og/eller bruksendringa har tilstrekkeleg tryggleik for rømming)
- Oppfølging av førespurnader om vesentlege terrenginngrep som ikkje medfører **omgåande fare for liv og helse**

Prioritetsgruppe 3

Oppfølging av førespurnader utan fare for liv og helse og utan fare for degradering av verneverdig busetnad eller degradering av miljøkvalitetar i strandsona eller i landbruks-, natur- og friluftsområde.

Vurdering:

Ein tydeleg strategi vil gi kommunen eit betre styringsverktøy, styrkje det førebyggjande arbeidet og sikre betre samordning. Den legg også grunnlag for openheit og politisk styring gjennom rapportering og planlegging.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at Strategi for tilsyn og lovbrotsoppfølging etter plan- og bygningslova for Fyresdal kommune 2025-2028, blir vedteke. Det blir også lagt fram eit forslag om å oppretta eit skjema på nettsida til kommunen som gjer det lettare for innbyggjarar og andre å melda inn lovbrøt eller mistanke om det.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Strategi for tilsyn og lovbrotsoppfølging 2025-2028, blir vedteke. Det blir også vedteke at eit skjema for innmelding av lovbrøt blir lagt inn på nettsida og blir gjort tilgjengeleg for innbyggjarar og andre.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Cecilie Korneliussen
	jurist/saksbehandlar